



DEN NORSKE KYRKJA

Meland sokneråd

Møtebok for Meland sokneråd - fellesrådssaker

Møtedato: 31.01.2017

Møtetid: kl. 17:00

Møtestad: Kyrkjekontoret

Til stade:

Torbjørn Aamli, Sølvi Norunn Gripsgård Knudsen, Per Audun Heskestad, Andreas Westermoen, Bent Gunnar Næss, Andreas Sagstad Berg, Ingunn Reigstad, Regine Sagstad Berg.

Frå administrasjonen møtte kyrkjeverje Anne Sofie Nergård Uthaug.

Meldt forfall:

Brigt Roar Skeie.

Innkalling, saksliste og sist møtebok:

Innkalling og saksliste vart godkjent Møtebok frå møte 12.01.17 vart godkjent.

Meldingssaker:

00 Invitasjon til næringsplansamling 22.februar frå Meland kommune.

Sak 003/17 Budsjett, drift og investering, 2017 (2 utg)

Forslag til vedtak:

a. Framlegg til driftsbudsjett og investeringsbudsjett for 2016 blir vedteken som det ligg føre.

b. Kommunen og bispedømeråd må varslast om vanskane kyrkjelyden er komne i pga mangel på auka økonomisk støtte. Det må også appellerast til å auke tilskota eller andre måtar å støtte på, så kutt i stillingar kanskje kan forhindrast. Det må også gjerast eit informasjonsarbeid i kyrkjelyden for om mogleg å få opp inntektene i gjevartenesta, offer og eigenbetaling på arrangement.

Møtebehandling:

Det kom framlegg til tilføyinger i vedtaksteksten i møtet.

Vedtak:

a. Framlegg til driftsbudsjett og investeringsbudsjett for 2017 blir vedteken som det ligg føre.

b. Kommunen og bispedømeråd må varslast om vanskane kyrkjelyden er komne i pga mangel på auka økonomisk støtte innan 15.februar. Det må også appellerast til å auke tilskota eller annan støtte, så kutt i stillingar kanskje kan forhindrast. Det må også gjerast eit informasjonsarbeid i kyrkjelyden for om mogleg å få opp inntektene i gjevartenesta, offer og eigenbetaling på arrangement.

c. Meirverdiavgift blir lagt til prisane på tenester som Meland sokn tilbyr og som er mva-pliktige. Satsane vert uendra før mva.

d. Det blir avsett 20.000 som eigenkapital til det nye felles kyrkjebladet. Summen vert belasta disposisjonsfondet.

- e. Tilsetjinga i 20% trusopplærarstilling blir utsett inntil vidare.
- f. Administrasjon og sokneråd vil framover arbeide med å auke inntektene så vi unngår kutt i stillingar.

Sak 004/17 Tilsetjing i trusopplærarstilling 80%

Forslag til vedtak:

Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet tilbyr stillinga som trusopplærar 80% til søkerane i denne rekkefølgja:

1. Anne Marit Fosse Dahle
2. Eva Kristin Dale Wessman

Samrøysta vedtak.

Sak 005/17 Oppnemning av medlemmer til arbeidsgruppe for å drøfte kyrkje-kulturhus

Forslag til vedtak:

Soknerådet oppnemner følgjande tre personar til arbeidsgruppa for drøfting av kyrkje-kulturhussaka:

1. Regine Sagstad Berg, leiar i soknerådet
2. Frank Rune Dale, medlem/nestleiar i kyrkjeutvalet.
3. Anne Sofie Nergård Uthaug, kyrkjeverje


Møtebehandling:

Vedtak:

Soknerådet oppnemner følgjande tre personar til arbeidsgruppa for drøfting av kyrkje-kulturhussaka:

1. Regine Sagstad Berg, leiar i soknerådet
2. Frank Rune Dale, medlem/nestleiar i kyrkjeutvalet.
3. Anne Sofie Nergård Uthaug, kyrkjeverje

Samrøysta vedtak.



For Meland sokneråd - fellesrådssaker

Anne Sofie Nergård Uthaug
Kyrkjeverje